

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO

Deres ref:

Vår ref: 19/02045-2 /

Dato: 16.09.2019

## **Høyringsvar - Forslag om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning**

Nord universitet (Nord) viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet 28. juni 2019 (19/3216-), med høyringsfrist 16. september 2019. Nord har følgande kommentarar til høyringa.

### **§ 2-2 (2) Utanlandsk utdanning**

Nord støttar forlaget til endringane om munnleg test i tillegg til skriftleg test i norsk, i samsvar med forslaget til Samordna opptak (SO)

### **§ 2-2 (3)**

Nord støttar SO sitt forslag om å fjerna moglegheitene til å dokumentera norsk ved å dokumentera norsk/nordisk på grunnskulenivå. Men ordlyden slik den blir ståande att aleine, gjer at det vert opna for tolking på kva som kan bli godteke som dokumentasjon på norskkunnskapar. Dette kan bli problematisk.

Nord ber om at departementet kjem med føringar på kva som kan dokumentera tilstrekkelege norskkunnskapar, som ikkje allereie er nemnt i andre ledd.

### **§ 2-2 (4)**

Nord støttar forslaget om endring i 4. ledd, om at søkjarar med International Baccalaureate (IB) må dokumentere norsk B på «higher level», eller norsk A på standard nivå eller «higher level». Nord er einig i bruken av kvoteringstabell.

### **§ 3-8 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til studium i nautikk**

Nord støttar forslaget.

### **§ 4-8 Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram**

Nord sitt syn er at det er viktig at søkjarar har tilstrekkelege kunnskapar i engelsk til å følgja undervisinga når dei startar på studie der undervisningsspråket er engelsk.

Nord støttar difor forslaget frå USN om at studenten må ha karakteren 4, eller betre i engelsk, eller karakteren bestått i programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

#### **§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag**

Nord har ingen kommentarar til at Høgskolen Kristiania får nytte opptaksprøve som spesielt opptakskrav til bachelorstudium i interiørarkitektur.

#### **§ 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote**

##### *Matematikk R2*

Elevar som gjer ein ekstra innsats i vidaregåande skule og tek Matematikk R2 for å dekke spesielle opptakskrav til høgare utdanning, må ikkje bli straffa ved at dei må konkurrere i den ordinære kvota, der kravet til poengsummane er høgare enn i kvota for førstegongsvitnemål.

##### *Yrkesfagleg Vidaregåande opplæring*

Søkjarar som har fullført ei yrkesfagleg vidaregåande opplæring med «påbyggingsåret» på normert tid, bør bli vurderte i kvota for førstegongsvitnemål. Desse elvane har gjennomført eit utdanningsløp på normert tid. Då må alle karakterane frå det ordinære utdanningsløpet bli vurderte for desse elevane.

Nord støttar framlegg om endring og ny ordlyd i §7 -2 (2) og (3)

#### **§ 7-4 Poengberekning av søkjarar med meir enn eitt grunnlag for rangering**

Nord støttar forslaget frå SO.

#### **§ 7-5 Karakterpoeng for søkjarar med 3-årig vidaregåande opplæring**

Nord ønskjer at SO får fullmakt frå KD for å utvikla fleire omrekningstabellar. Omrekningstabellar for fagskuleutdanning og høgare utdanning vil betre ta i vare prinsippa om krav til lik behandling. Med ein felles omrekningstabell for heile sektoren vil søkjarane få ein poengsum, og det vil føre til ein meir effektiv saksbehandling av desse søkjarane.

Nord støtter forslaget.

#### **§§ 7-5 og 7-6 Karakterpoeng**

Nord støtter forslaga.

#### **§ 7-7 Karakterforbetringar**

Nord er einig med forslaget frå SO.

Med venleg helsing

Jan-Atle Toska  
Studiedirektør

Siv-Anita Eriksen Molid  
Kontorsjef

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*

Kopi til: Rektor v/Hanne Solheim Hansen, Avdeling utdanning v/Levi Gårseth-Nesbakk